

Kandidatnummer: 10007

Førebygging av ungdomskriminalitet (18-23 år) gjennom tverrprofesjonelt/tverretatleg samarbeid

**Youth crime prevention (age 18-23) through
interprofessional collaboration**

BACHELOROPPGAVE / SEMESTEROPPGAVE

Trondheim, 09.05.2017

Bachelor i: Sosialt arbeid

Antall ord: 7804

Samandrag

Dette er ei bacheloroppgåve i sosialt arbeid. Oppgåva handlar om førebygging av ungdomskriminalitet. Det er viktig å hjelpe ungdomar ut av kriminalitet på eit tidleg tidspunkt for å førebygge ei vidare negativ utvikling (Justis- og beredskapsdepartementet, 2013). Oppgåva fokuserer på ungdomar frå 18-23 år som er i kriminelle miljø, og kva slags utfordringar det kriminalitetsførebyggande arbeidet med desse ungdomane kan innebære. Biletet vert meir samansett ved nådd myndig alder. I tillegg kan det verke som at desse ungdomane får mindre fokus i forskning og litteratur enn dei under 18 år. Dette gjer tematikken interessant å sjå nærare på.

Oppgåva ynskjer å sjå korleis tverrprofesjonelt og tverretatleg samarbeid kan vere ein ressurs i dette arbeidet, men også korleis det kan vere utfordrande. I samheng med dette har eg brukt eit døme på eit kriminalitetsførebyggande samarbeidstiltak i Trondheim kommune, som fokuserer nettopp på denne aldersgruppa: U23-prosjektet. Problemstillinga har ut i frå dette blitt: *«Korleis kan kriminalitetsførebygging med ungdomar (18-23 år) vere utfordrande, og korleis kan tverrprofesjonelt/tverretatleg samarbeid vere ein ressurs i arbeidet?»* Eg vil også forsøke å ta eit kritisk blikk på om dagens samfunn har ein tendens til å fokusere for mykje på risikoanalyse, tidleg innsats og førebygging. Kan dette «skape» meir «problemungdom» enn kva realiteten er?

Dette er ein litteraturstudie der metoden har vore litteratursøk. Nokre hovudfunn er at ungdomar over myndig alder er vanskelegare å få auge på og å kome i posisjon til å hjelpe. Samarbeid på tvers av grenser og profesjonar kan bidra til tidleg inngripen, vidare førebygging og eit meir samanhengande hjelpetilbod. Samtidig kjem det fram at samarbeid kan vere vanskeleg å gjennomføre i ein elles pressa arbeidskvardag. I tillegg er hjelpeapparatet i stor grad avhengig av at ungdomane sjølve vil ha hjelpa. Nøkkelord: *ungdomskriminalitet, førebygging, tverrprofesjonelt og tverretatleg samarbeid, tidleg innsats, risiko, U23.*

Abstract

This is a bachelor's thesis in social work. It is about youth crime prevention. It is important to help youth out of crime as early as possible to prevent further negative outcomes (Justis- og beredskapsdepartementet, 2013). The focus is on youth in the ages of 18-23 years who are in a criminal environment, and what challenges crime prevention work can bring. The issue becomes more complex when these young people turn 18 and are considered adults. It also seems they receive less focus in research and literature compared to those who are younger. Therefore, it is interesting to look closer at their situation.

This bachelor's thesis want to investigate how interprofessional collaboration can be a resource in this crime prevention work, and how it can be challenging. I have used an example from Trondheim: the U23-project. It is an interprofessional collaboration project that focuses on preventing future crime among this age group. My research question is: *“How can crime prevention work with youth (age 18-23) be challenging, and how can interprofessional collaboration be a resource in this work?”* I will also try to take a critical perspective on whether today's society tends to focus too much on risk analysis, early intervention and prevention. Can this “cause” more “troubled youth” than what reality does?

This is a literary study where literature search has been the principal method. Some main findings are that youth over 18 years of age are harder to get in position to help. Interprofessional collaboration can contribute to early intervention, future prevention and more coherent help. On the other hand, collaboration can be difficult to implement in a tight work schedule. And the support system is dependent on the youth wanting the help themselves. Key words: *youth crime, prevention, interprofessional collaboration, early intervention, risk, U23.*

Forord

Eg vil først og fremst seie tusen takk til rettleiaren min, Anne Juberg, som har vore til stor hjelp i denne prosessen. Eg vil også seie takk til Even Ytterhus og Reidun Hobbesland for å ta seg tid til nokre svært interessante og lærerike samtalar om temaet. Til slutt vil eg takke Marie Haagenrud og Maria Boer Johannessen for språkvask og korrekturlesing.

Innhald

1.0. Innleiing	1
1.1. Bakgrunn for val av tema og relevans for sosialt arbeid.....	2
1.2. Vidare disposisjon.....	3
2.0. Metode	5
2.1. Kritikk av metode.....	5
3.0. Presentasjon av litteratur	7
3.1. Kva er kriminalitetsførebygging?.....	7
3.2. Korleis byr ungdom frå 18-23 år på utfordringar?.....	8
3.3. Den preventive staten?.....	9
3.4. Tverrprofesjonelt/tverretatleg samarbeid som ressurs.....	10
3.5. Er samarbeid svaret?.....	12
3.6. Samordning av lokale kriminalitetsførebyggande tiltak (SLT).....	12
3.7. U23-prosjektet.....	13
4.0. Diskusjon	15
4.1. Ungdom som byr på (for store?) utfordringar.....	15
4.2. Samarbeid på godt og vondt.....	17
4.3. Reell grunn til uro?.....	20
5.0. Konklusjon	21
5.1. Avsluttande tankar.....	22
6.0. Litteraturliste	23

1.0. Innleiing

Det er ein generell nedgang i kriminalitetsbiletet i vårt samfunn. Statistisk sentralbyrå (2017) sin kriminalitetsstatistikk frå 2016 viser at melde lovbrøt er på det lågaste nivået på 24 år. Ein må samtidig rekne med nokre mørketal, altså den kriminaliteten som ikkje vert meldt inn og ikkje kjem med i statistikken (Øia og Fauske, 2010, s. 237). *Ungdomskriminalitet* er ikkje ein eigen kategori for kriminalitet, men eit omgrep ein brukar når ungdom utfører kriminelle handlingar (Politiet, 2010). Omfanget av ungdomskriminaliteten i Noreg er heller ikkje alarmerande. Ein analyse av kriminalitet blant barn og ungdom mellom 10 og 23 år frå 2010-2014 viser reduksjon av kriminalitet i alle grupper (Politidirektoratet, 2015). Ungdom vert meir og meir «ordentlege», flinke og veltilpassa ifølgje Ungdata si nyaste nasjonale undersøking (Bakken, 2016). Så, er det reell grunn til uro?

Statistikk viser at ei lita gruppe ungdommar står for store delar av kriminaliteten blant unge i dag (Politidirektoratet, 2015). Dei fell utanfor samfunnet og kan vere i risiko for å utvikle ein vidare kriminell karriere dersom dei ikkje vert tidleg fanga opp av hjelpeapparatet. I samanheng med dette kan ein undrast om det er grunn til uro for aukande polarisering mellom dei «flinke ungdomane» og dei som fell utanfor, og om biletet vert endå meir svart-kvitt enn tidlegare (Frøyland og Sletten, 2012). Derfor er problematikken viktig å ta på alvor. Å drive *førebygging* er ei sentral samfunnsoppgåve på eit generelt nivå, uansett kva område det gjeld. Omgrepet gir gjerne positive assosiasjonar, då det som regel handlar om både å framheve ei positiv utvikling og å hindre ei negativ utvikling (Johansson, 2014, s. 144).

Å oppnå best mogleg kriminalitetsførebygging blant barn og unge er ei målsetjing på politisk nivå (Justis- og beredskapsdepartementet, 2013). *Tidleg innsats* er ofte nemnt som ein viktig del av førebygging. Det handlar om å kome på banen tidlegast mogleg for å identifisere og handtere eit problem før vidare negativ utvikling (KoRus-Nord, 2017). Omgrepet kan tolkast på fleire måtar, alt etter kva tidsperspektiv ein legg i å gripe inn tidleg. I denne oppgåva har omgrepet betydinga å tidlegast mogleg bli viss på og gripe tak i ungdommar som allereie er i kriminelle miljø, for å kunne førebygge ei vidare negativ utvikling. Det vil seie at det handlar om allereie eksisterande ungdomskriminalitet, og korleis ein kan førebygge framtidige kriminelle handlingar. Innanfor målsetjinga om god kriminalitetsførebygging, vert også samarbeid mellom ulike instansar i hjelpeapparatet trekt fram som eit viktig verkemiddel for å

nå dette målet (Justis- og beredskapsdepartementet, 2013). Eg vil sjå på korleis *tverrprofesjonelt og tverretatleg samarbeid* kan bidra med å gripe inn på eit tidleg tidspunkt og førebygge ei vidare negativ utvikling blant ungdomar i kriminelle miljø. For å utdjupe dette vil det mellom anna bli brukt døme på eit samarbeidsprosjekt i Trondheim kommune: U23-prosjektet. Dette vert nærare forklart seinare.

I denne oppgåva er *ungdom* rekna som personar i alderen mellom 18 og 23 år. Årsaka til denne avgrensinga heng saman med eiga førforståing tileigna gjennom praksis. I denne perioden såg eg fleire døme på korleis ungdomskriminalitet innanfor denne aldersgruppa kan vere meir utfordrande å arbeide med. Dette vart bekrefta i samtalar med fagfolk innanfor tematikken i Trondheim kommune, som vert brukt i denne oppgåva. Desse ungdomane kan vere vanskelegare å kome i posisjon til fordi dei har vorte myndige og må sjølv samtykke til å få hjelp. Dei kan vere i risiko for å gleppe i hjelpeapparatet sine hender då problemstillingane vert meir komplekse. Det kan også verke som at denne aldersgruppa er mindre fokusert på i forskning og litteratur enn dei under 18 år, noko som gjer det ekstra interessant å utforske nærare. Med bakgrunn i dette vert oppgåva si problemstilling det følgjande:

«Korleis kan kriminalitetsførebygging med ungdomar (18-23 år) vere utfordrande, og korleis kan tverrprofesjonelt/tverretatleg samarbeid vere ein ressurs i arbeidet?»

I tillegg vil oppgåva forsøke å ha eit kritisk blick på om ein har utvikla for stort fokus på risiko, tidleg innsats og førebygging når det gjeld dagens ungdom. Dette til tross for at dei tilsynelatande berre vert meir pliktoppfyllande og framtidsretta enn før. Kan dette vere med å leggje meir press på dei nødvendig, og mogleg «tvinge» fram problem som eigentleg ikkje er der?

1.1. Bakgrunn for val av tema og relevans for sosialt arbeid

Grunnen til at eg har valt dette temaet er fordi kriminalitet er eit sosialt problem på både samfunns- og individnivå. Ifølgje Justis- og beredskapsdepartementet (2013) er det å førebygge kriminelle handlingar ei viktig samfunnsoppgåve, då det er ei stor økonomisk

påkjenning for samfunnet, og ikkje minst noko som gir lidingar og tap for dei som vert ramma av det. Det skapar også konsekvensar for den som utfører dei kriminelle handlingane.

Å førebygge ungdomskriminalitet er viktig fordi mykje av grunnlaget for framtida vert lagt i ung alder, og ein vil unngå at ungdomar fastnar i eit kriminelt løp (Justis- og beredskapsdepartementet, 2013). Det er viktig å hjelpe ungdomar ut av kriminalitet på eit tidleg tidspunkt for å førebygge ei vidare negativ utvikling. For å kunne arbeide mest mogleg målretta og heilskapleg med problematikken, vert det framheva som sentralt at fleire aktørar i hjelpeapparatet samarbeider. Å gripe inn gjennom ulike arenaer og setje inn aktuelle tiltak for å avhjelpe situasjonen snarast råd, er viktige verkemiddel i kriminalitetsførebygginga (ibid.).

Erfaringane mine i prosjekt og praksis har gjort at kriminalitet, særleg blant unge, har blitt eit tema som engasjerer meg. Gjennom studiet føler eg kriminalitet har vore eit underkommunisert tema. Det er stort fokus på andre område, til dømes NAV, etniske minoritetar, barnevern og rus, men det er lite snakka om at eit sosialt problem som kriminalitet kan inngå i desse områda. I tillegg er det interessant å fokusere på ungdomar som kan «forsvinne i mengda». Oppgåva si hensikt er å få denne aldersgruppa fram i lyset og setje fokus på korleis ein kan hjelpe dei, samt dei utfordringane ein må vere budd på. Oppgåva ynskjer å vise korleis samarbeid på tvers av profesjons- og etatsgrenser kan vere ein ressurs, spesielt når det gjeld å få auge på og fange opp desse ungdomane.

1.2. Vidare disposisjon

Først i oppgåva kjem ein metodedel der det vert forklart korleis eg har funne fram til litteratur og relevante kjelder. Vidare vert litteratur- og kjeldebruk sett i eit kritisk perspektiv og korleis dette kan ha påverka utfallet av oppgåva. Deretter er det presentasjon av litteratur, som inkluderer eit døme frå Trondheim kommune: U23-prosjektet. Etter dette kjem diskusjon der litteratur og problemstilling vert drøfta. Til slutt er det konklusjon og nokre avsluttande kommentarar.

2.0. Metode

Metode handlar om korleis ein vel å gå fram for å skaffe seg eller etterprøve kunnskap (Dalland, 2012). Dette er ein litteraturstudie, som vil seie at den først og fremst byggjer på skriftlege kjelder med allereie eksisterande kunnskap. Metoden for å samle inn informasjon har derfor vore gjennom litteratursøk i ulike databasar (ibid.). Søket tok utgangspunkt i databasen Oria, som peika vidare til andre relevante databasar og nettstader. Databasen EBSCO har også blitt brukt. I litteratursøket vart hovudsakleg desse orda nytta: «*førebygging*», «*ungdomskriminalitet*», «*tidleg innsats*», «*førebygge ungdomskriminalitet*», «*tverrfagleg samarbeid*», «*tverrprofesjonelt samarbeid*», «*youth crime*» og «*alan france*» (ein viktig forfattarar innanfor tematikken). I nokre tilfelle vart det nytta trunkering, som vil seie at ein søker på stammen av ordet for å få eit meir dekkande søk. Måtar å avgrense søket på var til dømes ved publiseringsår, der grensa som regel vart sett mellom 2006-2016/17, etter anbefaling om ikkje å ha litteratur som er særleg mykje eldre enn 10 år tilbake i tid. Det finst likevel nokre unntak av dette i oppgåva, då noko litteratur framleis er tidsaktuell. For å finne vitskapelege artiklar huka eg av for «fagfelleverderte artiklar».

På grunn av lite erfaring og trening med litteratursøk var søket etter vitskapelege artiklar spesielt utfordrande. Til dette fekk eg tips om forfattarar og artiklar frå rettleiaren min som var til stor hjelp. Nettstadane kriminalitetsforebygging.no, forebygging.no og hioa.no samt Regjeringa sin nettstad, har vore sentrale i funn av relevant litteratur, spesielt førstnemnte. Det var eit godt utgangspunkt til vidare søk, og ga mange nyttige funn. Det har også blitt nytta tidlegare pensum frå studiet. Gjennom tredjeårs-praksis på eit helse- og velferds kontor i Trondheim kommune fekk eg forkunnskap og kontaktar som eg kunne bruke i denne oppgåva. Med bakgrunn i dette kontakta eg Even Ytterhus, SLT-koordinator i kommunen, og Reidun Hobbesland, leiar for U23-prosjektet i kommunen. Dei er fagpersonar innanfor tematikken i Trondheim kommune. Informasjon gjennom personleg kommunikasjon (samtalar) med dei i mars og april, vil bli brukt i oppgåva.

2.1. Kritikk av metode

Avgrensa tid har påverka søket av litteratur og fordjupinga i den. Det har vorte ein rask og relativt liten djuptgåande gjennomgang av litteratur. Derfor er det usikkert om det har vorte funne det mest relevante innanfor temaet, eller om det er mykje anna stoff som hadde vore

nyttig. Lite erfaring med og kunnskap om litteratursøk spelar også inn. Det har vore utfordrande å finne fram til vitenskaplege artiklar, og mykje tid har gått med til å søke etter og å vurdere kvaliteten på dei. Det har blitt brukt ein del politiske dokument fordi eg opplevde at eg fann mykje relevant informasjon i desse. Ein kan samtidig stille spørsmål ved om noko av fokuset då kan bli for einseitig. Det same gjeld at mykje av forskinga kjem frå Noreg og nordiske land. Eg meiner likevel at dette er mest aktuelt for oppgåva, då eg fokuserer på samarbeid i eit norsk velferdssamfunn, og ikkje minst fordi eg bruker døme frå Trondheim kommune. Samtidig må eg ta sjølvkritikk på at mi førforståing om og personlege interesse for temaet, spesielt gjennom erfaringane i praksis, kan ha prega fokuset i oppgåva.

Det er viktig å påpeike at informasjon gjennom personleg kommunikasjon ikkje er det mest heldige, då det er vanskeleg for lesaren å finne denne i etterkant. Eg føler likevel at dette er relevant og at kvaliteten på oppgåva vert heva, då desse personane er svært kunnskapsrike om temaet. Dei kunne gi meg mykje nyttig informasjon om aldersgruppa og kriminalitetsførebyggande arbeid, både generelt og i Trondheim kommune. I tillegg hjalp dette veldig i informasjonsinnhentinga då eg opplevde det vanskeleg å finne litteratur om aldersgruppa frå 18-23 år, som eg får inntrykk av vert tileigna mindre fokus enn dei yngre ungdomane.

3.0. Presentasjon av litteratur

3.1. Kva er kriminalitetsforebygging?

Kriminalitet kan noko upresist seiast å vere «alle handlingar som etter lova sin bokstav er forbodne» (Øia og Fauske, 2010, s. 236). Forebygging vert i litteratur gjerne omtalt på tre nivå: universell, selektiv og indikativ forebygging (Johansson, 2014, s. 144), som dei siste åra delvis har erstatta omgrepa primær, sekundær og tertiær forebygging (Ferrer-Wreder et al., 2005, s. 20). Som det kjem fram i Johansson (2014, s. 144) er universelle forebyggingsstrategiar retta mot heile eller store delar av befolkninga, utan kjennskap om risiko. Selektiv forebygging handlar om strategiar retta mot grupper som er i risiko for å utvikle problem. På indikativt nivå, som er fokus i denne oppgåva, handlar det om å arbeide forebyggande «retta mot grupper og individ som allereie har utvikla eit problem med sikte på å avgrense konsekvensane, hindre forverring og snu utviklinga» (Justis- og beredskapsdepartementet, 2013, s. 17). Samtidig er det viktig å påpeike at dei tre nivåa ikkje er fråskilde, men kan påverke kvarandre. Å forebygge kriminalitet handlar om å «reducere forekomsten av framtidige kriminelle handlingar, eller eventuelt skadeverknadane av desse» (Bjørgero, 2015, s. 16). Dette er ei viktig samfunnsoppgåve for å hindre liding, tap og utryggleik, samt å spare samfunnet for store kostnader (Justis- og beredskapsdepartementet, 2013). I tillegg medfører det store konsekvensar for livet og framtidsutsiktene til både dei som vert ramma av og dei som utfører kriminalitet. Ein vil unngå kriminalitet i staden for å reparere skadane av den (ibid.).

Det er ikkje slik at kriminalitet er eit einseitig problem, det kan ofte henge saman med andre faktorar (France, 2008). Ulike *risiko- og beskyttelsesfaktorar* kan spele inn på om ungdomar hamnar i kriminelle miljø eller ei, og gjennom forebyggande arbeid ynskjer ein å redusere risikofaktorar som kan føre til problemutvikling (Glavin og Erdal, 2007, s. 32). Kvello (2015, s. 246) omtalar *risikofaktorar* som forhold som aukar faren for å utvikle psykiske og/eller sosiale vanskar. Vidare er *beskyttelsesfaktorar* forhold som kan hindre utvikling av vanskar når risikofaktorar er til stades. Artikkelen av France (2008) viser til at ungdom som er utsett for fleire og gjerne overlappende risikofaktorar, er i større fare for å utvikle sosiale problem. Risikofaktorane kan vere knyta til oppvekstmiljø, familieforhold, fattigdom, skuleprestasjonar, sosiale relasjonar og fritidsaktivitetar. Dette kan føre til involvering i kriminalitet. Ein raud tråd gjennom biletet til ungdomar som hamnar i kriminalitet, er at dei

ofte kan vere marginaliserte på minst eitt av områda som er nemnde over (Justis- og beredskapsdepartementet, 2013).

Ved å undersøke slike faktorar rundt kvar, korleis og hjå kven kriminalitet kan oppstå, kan ein tidleg setje inn tiltak for å førebygge og hindre vidare negativ utvikling. Dette kan sjåast i samanheng med målet om *tidleg innsats*. Tidleg innsats og godt førebyggjande arbeid heng tett saman (Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet et al., 2013). Ifølgje Nesvåg et al. (2007, s. 7) er det i alle former for problemutvikling alltid eit mål å gripe inn så tidleg som mogleg. Tidleg innsats er å føretrekke framføre reparering av eit problem som allereie har oppstått. Det mest ideelle er å kome på banen før problem byrjar å vise seg, eller å hindre prosessar som kan utvikle problem, men i mange tilfelle kan det også vere vanskeleg å oppdage ei negativ utvikling på eit så tidleg stadium. Derfor kan tidleg innsats like gjerne handle om å gripe tidleg inn i ei starta problemutvikling (ibid.), slik som denne oppgåva fokuserer på. Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet (2015, s. 29) meiner tidleg innsats er ein avgjerande faktor for å unngå at ungdom vert involvert i kriminalitet. Dess raskare ein grip inn, dess meir sannsynleg er det å hindre ei negativ utvikling, då mykje av grunnlaget for framtida vert lagt i ung alder (Justis- og beredskapsdepartementet, 2013). Regjeringa sin kriminalitetsførebyggjande handlingsplan frå 2009 (Justis- og politidepartementet, 2009, s. 8), framhevar fokuset på tidleg og førebyggjande innsats som ei investering for framtida, både for samfunnsøkonomien, for innbyggjarane og for den enkelte ungdom sitt liv.

3.2. Korleis byr ungdom frå 18-23 år på utfordringar?

Første del av oppgåva si problemstilling tek sikte på å sjå på korleis kriminalitetsførebyggjande arbeid med ungdomar i denne alderen kan vere utfordrande. Ulike utfordringar med ungdomskriminalitet kan variere alt etter kva aldersgruppe ein arbeider med. Omfanget av ungdomskriminaliteten i Noreg er som tidlegare nemnt ikkje urovekkande. Ungdomar vert stadig meir «ordentlege». Fokuset på skulegang og utdanning er stort, forbruket av alkohol, røyk og snus går ned, ein skal vere aktiv og sosial, og generelt leggje eit godt grunnlag for framtida si (Bakken, 2016). Likevel viser statistikk at ei lita gruppe ungdomar står for store delar av kriminaliteten (Politidirektoratet, 2015). Det kan gi grunn til uro for aukande polarisering mellom dei «flinke ungdomane» og dei som fell utanfor (Frøyland og Sletten, 2012). Forsking viser også at i eit historisk perspektiv vert dei unge

kriminelle eldre. No er det 19-åringane som ligg på topp i kriminalitetsstatistikken (Bakken, 2016, s. 92). Unge menn er overrepresenterte, og vald- og ruskriminalitet er eit aukande problem (Justis- og beredskapsdepartementet, 2013).

I samtalar med fagfolk innanfor denne tematikken i Trondheim kommune, kom det fram at det kriminalitetsførebyggande arbeidet vert meir komplekst med aldersgruppa over 18 år (Ytterhus 2017, Hobbesland, 2017). Ved nådd myndig alder vel ungdomen sjølv om han/ho vil samtykke til hjelp, og hjelpeapparatet er derfor avhengig av at vedkomande har eige ynskje og eigen vilje til endring. Før myndig alder er nådd kan barnevernet spele ei viktig rolle med sine tilbod og tiltak, og har både rett og plikt etter barnevernlova (1993) til å gripe inn ved uro. Men barnevernlova og rettane som følg med den, gjeld hovudsakleg for dei under 18 år då det er dei som vert rekna som born. Gjennom samtalane kom det fram at ofte har fleire av desse ungdomane vore i kontakt med barnevernet og hjelpeapparatet generelt over fleire år, der det har blitt gjort gjentekne forsøk på å hjelpe og å setje i verk tiltak (Ytterhus, 2017, Hobbesland, 2017). I visse tilfelle kan tiltak halde fram til fylte 23 år, jamfør §1-3, men det er likevel avhengig av samtykke frå ungdomen sjølv. Ein ikkje har rett til å pålegge dei noko etter dei har blitt vaksne etter lovverket.

Ifølgje Hobbesland (2017) kan hjelpeapparatet oppleve å ha færre moglegheiter til å gripe inn, og ikkje kome i posisjon til å snappe dei opp. Derfor kan det vere større risiko for at dei eldre ungdomane glepp i systemet sine hender. Det vart samtidig sagt av Ytterhus (2017) at ein må vere varsam med å halde fast i dei eldre ungdomane for lenge, og dermed miste fokuset på dei som er yngre. Ein må vite kva tid ein skal «gi slepp» på ungdomane i desse tiltaka, og når tida er moden for at dei vert ein del av «det vaksne hjelpeapparatet». Nokre gonger må ein akseptere at ein har gjort så mykje ein kan, og fokusere på dei som er yngre og som ein er i posisjon til å hjelpe (ibid.).

3.3. Den preventive staten?

Dagens samfunn er som tidlegare nemnt prega av stadig meir «flink» og pliktoppfyllande ungdom (Bakken, 2016). Dette kan vere forklaringar på at ungdomskriminalitet og kriminalitet generelt går nedover, der ein ser ei positiv samfunnsutvikling (Politidirektoratet, 2015). Oppgåva ynskjer å ta eit kritisk blick på om ein uroar seg «utan grunn», om fokuset på risiko, tidleg innsats og førebygging kan verte for stort, og om denne uroa kan føre til at ein

lagar fleire problem enn naudsynt. France (2008) oppmodar til å vere varsam med risikoanalysen av ungdom. Han framhevar førebyggjande arbeid som viktig, men at ein ikkje må hoppe til konklusjonar om at ungdom i risiko nødvendigvis vert framtidige problem i samfunnet. Lien (2011, s. 50) seier også at det er viktig å påpeike at ungdom ikkje nødvendigvis vert kriminelle sjølv om dei er utsette for risikofaktorar. Litt opprør og utagering er ein normal del av ungdomstida der mange mogleg har behov for å bli sjølvstendige, teste grenser og utfordre autoritetar (Frøyland og Sletten, 2012). Mindre lovbrøt, som mogleg er eit eingongstilfelle, tydar ikkje nødvendigvis at ungdomen vert vidare kriminell.

I sin studie om «bekymringsblikket» beskriver Erik Henningsen (2009) korleis oppsøkjande ungdomsarbeid kan ha ein tendens til skilje ut «målgruppeungdomane», dei som ser ut som dei kjem frå ressursvake familiar. Han åtvarar om å ha overdriven uro rundt ungdomar, då dette kan føre til klientgjering og manglande autonomi. Vidare diskuterer han korleis samfunnsmalet om tidleg problemidentifisering og intervensjon kan føre til at ein «lagar» problem. Ellis og France (2012) påpeikar også korleis fokuset på førebyggjande politikk og tidleg intervensjon har utvikla seg i den vestlege verda, spesielt mot barn og unge. Dei snakkar om ein framvekst av den «preventive staten» og korleis det å ta positive og rasjonelle val kan avgjere om ein vert stempla som «normal» ungdom eller «ungdom i risikosone». Henningsen (2009) meiner det er billigare å førebygge enn å avhjelpe, men at ein samtidig må passe seg for det vage aspektet ved førebyggingsomgrepet. Han seier at det «rettar seg inn mot moglege problemtilstandar og ligg til grunn for tiltak det ofte er svært vanskeleg å vurdere verknadane av» (s. 6-7).

3.4. Tverrprofesjonelt/tverretatleg samarbeid som ressurs

Willumsen (2016, s. 39-40) definerer *tverrprofesjonelt samarbeid* som tett samarbeid mellom ulike profesjonar, og *tverretatleg samarbeid* som samarbeid mellom tenester og/eller etatar, altså samarbeid på organisasjonsnivå. Andre del av oppgåva si problemstilling ynskjer å sjå korleis desse typene samarbeid kan vere ein ressurs i det kriminalitetsførebyggjande arbeidet, med fokus på ungdom frå 18-23 år.

Samarbeid og nettverksbygging er sentralt i moderne kriminalitetsførebygging, meiner Johansson (2014). For å oppnå heilskaplege og samanhengande tilbod, og dermed drive best mogleg førebygging, må ulike profesjonar og instansar jobbe saman. Essensen er felles innsats mot eit felles mål (Ytterhus, 2017). Samarbeidet må opplevast heilskapleg og forpliktande for at det skal fungere best mogleg (Justis- og beredskapsdepartementet, 2013). Politikk og lovgiving i helse- og velferdssektoren legg føringar for at ulike profesjonar er pålagde å samarbeide med kvarandre i både førebygging og løysing av problem knyta til helse og sosiale forhold. Eit døme er då behovet for betre samhandling i helse- og omsorgstenestene vart lagt fram i Stortingsmelding nr. 47 (Helse- og omsorgsdepartementet, 2009), der samhandlingsreforma vart presentert. Samhandlingsreforma er ved første augekast hovudsakleg retta mot somatikk, men synleggjorde likevel eit generelt behov for betre samarbeid mellom ulike instansar. Tenester og tiltak var for fragmenterte, og brukarar opplevde å hamne mellom to stolar i hjelpeapparatet. Etter reforma vart sett til verks i 2012 har det blitt gjort endringar i fleire sentrale lovverk (ibid.). Ansvaret for heilskaplege helse- og omsorgstenester kjem spesielt fram i helse- og omsorgstenestelova (2012), der det mellom anna stillast krav om samarbeidsavtalar mellom kommunalt og regionalt nivå.

For å arbeide mest mogleg vidt og førebyggjande mot ungdomskriminalitet, kjem det fram at samarbeid mellom ulike instansar kan vere eit viktig verkemiddel. Ifølgje Bjørgo (2015) har det lenge vore ei rådande oppfatning at førebygging er det «mjuke» og lite spesifikke arbeidet som utførast av andre, medan politiet tek seg av den «ordentelege» kampen mot kriminalitet, gjennom pågriping og straff. Politiet er sjølvstøtt sentrale i kriminalitetsarbeidet, men for å nå sine mål er dei avhengige av hjelp frå andre aktørar, påpeikar Det kriminalitetsførebyggjande råd (KRÅD) (2011). Studien til Johansson (2014) viser til korleis god kriminalitetsførebygging er avhengig av innsats frå offentlege myndigheiter og ulike instansar og organisasjonar. På same vis kan ein seie at resten av hjelpeapparatet i stor grad er avhengige av politiet sitt arbeid for å kunne fange opp dei ungdomane som utfører kriminelle handlingar.

Som tidlegare nemnt er aldersgruppa over 18 år spesielt utfordrande å kome i posisjon til. Samarbeid mellom ulike profesjonar og etatar i denne samanhengen kan vere ein ressurs for å fange opp desse ungdomane. Dette påpeikar også Johansson (2014), som argumenterer for at samarbeid kan gjere det mogleg å få tak i problem som elles kan «gleppe i sprekkene» i hjelpeapparatet. Vidare vert det sagt at instansane mogleg er meir opne for å forsøke nye

metodar og ta meir risiko når ein står saman om det. Samtidig kjem det fram at dette ikkje er noko nytt i dei nordiske landa, som gir inntrykket av å ha eit positivt syn på førebyggingsarbeid (Johansson, 2014).

3.5. Er samarbeid svaret?

Ifølgje Ødegård (2016, s. 113) vert samarbeid lagt fram som svaret på mange problem. Til tross for auka fokus og meir klare føringar i politikk og lovverk, er det likevel vanskeleg å sjå dei store endringane i praksis (Willumsen, 2016, s. 47-49). Intensjonar og kunnskap er ikkje nødvendigvis i samsvar med utøvande praksis. Avstanden mellom «søndagsteoriar og kvardagsteoriar», altså ideell praksis og faktisk praksis (Ødegård, 2009, s. 57), kan bli stor. Det kan vere vanskeleg å få samarbeidet til å fungere i ein hektisk arbeidskvardag. Mangel på ressursar er ofte eit tilbakevendande tema, meiner Ytterhus (2017). Dette kan til dømes handle om tid, økonomi og tilgjengeleg arbeidskraft.

Arbeidspress og mangel på ressursar kan skape hinder for at både organisasjonen og den enkelte tenesteytar prioriterer å engasjere seg i eit samarbeid med andre hjelpeinstansar, der ein må forplikte seg og det vert skapt forventingar til at ein bidreg i samarbeidet. For å klare å gjennomføre nødvendige arbeidsoppgåver, og unngå at dette arbeidet vert skadelidande, kan nokre derfor vise motstand til samarbeid (Glavin og Erdal, 2007, s. 43). At dei ulike aktørane er interesserte, villige og nysgjerrige på samarbeidet er ein sentral føresetnad for at det skal fungere (Willumsen, 2015, s. 165). Viktige faktorar i eit velfungerande samarbeid om kriminalitetsførebyggande arbeid blant ungdom, er mellom anna at det må vere forankra på høgare nivå for å bli prioritert og opplevast forpliktande, ein må ha ei felles problemforståing, og dei ulike hjelpetilboda må koordinerast (KRÅD, 2011, s. 10-11).

3.6. Samordning av lokale kriminalitetsførebyggande tiltak (SLT)

Målet med kriminalitetsførebyggande tiltak er at dei skal vere kunnskapsbaserte og i forkant av den negative utviklinga (Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet, 2015, s. 30). *SLT* (KRÅD, 2011) er ein samordningsmodell for førebyggande tiltak mot rus og kriminalitet mot barn og ungdom på eit lokalt nivå. Modellen skal «sikre betre kommunikasjon på tvers av

nivå og tenester» (s. 3). Målet er å samkøyre og målrette allereie eksisterande ressursar i kommune og politi.

Gjennom modellen vert det tilsett ein SLT-koordinator i kvar enkelt kommune (KRÅD, 2011). Oppgåva til koordinatoren er å samordne dei som arbeider med kriminalitetsførebygging, slik at dei møtast regelmessig, har ei felles forståing og syr saman sine tiltak. SLT-modellen er først og fremst retta mot barn og ungdom i alderen 12-18 år, men nokre stader er alderen utvida til 23 år (KRÅD, 2011). SLT kan seiast å vere både selektiv og indikativ kriminalitetsførebygging, då ein vil arbeide både med barn og unge som kan vere i risikosona, og barn og unge som allereie er i kriminelle miljø. I tillegg er arbeidet fokusert på lokalt nivå, ikkje for heile befolkninga (universelt nivå).

3.7. U23-prosjektet

Problemstillinga i denne oppgåva vil sjå korleis samarbeid på tvers av profesjons- og etatsgrenser kan vere ein ressurs i det kriminalitetsførebyggande arbeidet blant ungdom, spesielt i alderen mellom 18 og 23 år. I det følgjande vil eg presentere samarbeidsprosjektet U23 i Trondheim kommune. Dette prosjektet fokuserer nettopp på denne aldersgruppa og handlar om å gripe inn og førebygge vidare kriminalitet blant ungdom tidlegast mogleg. Tiltaket viser også nokre av utfordringane som kan oppstå med desse ungdomane. Informasjonen er frå samtalar i mars og april 2017 med Even Ytterhus og Reidun Hobbesland, samt supplert med informasjon frå Trondheim kommune sine heimesider.

U23 er eit samarbeidsprosjekt mellom Trondheim kommune, Stavne, Politiet og Friomsorga (Trondheim kommune, 2014). I tillegg sit det representantar frå ulike instansar som NAV, helse- og velferdsetaten, uteseksjonen, samhandlingstiltak for unge rusmisbrukarar og eining for psykisk helse og rus i samarbeidsgruppa (Ytterhus, 2014;2017). Prosjektet har som mål å hindre vidare kriminalitetsutvikling blant ungdom opp til 23 år som har vorte registrerte med gjenteken krim- valds- eller rusproblematikk (Trondheim kommune, 2014). Det fokuserer altså på ungdom i kriminalitet, og kan derfor kallast eit førebyggande tiltak på indikativt nivå.

Prosjektet vart starta i 2009 på bakgrunn av uro frå politiet til kommunen om unge valdsgjengarar mellom 18 og 23 år (Ytterhus, 2014;2017, Hobbesland, 2017). Gjentekne

valdsepisodar skapte mykje frykt i byen, spesielt i sentrumsområdet. Prosjektet starta med 11 unge menn som hadde over 400 valdssaker til saman. Ungdomane hadde blitt utsett for fleire overlappende risikofaktorar. Av dei 11 ungdomane var berre ein familie over fattigdomsgrensa. 50 % hadde vekse opp med ei einsleg mor som var psykisk sjuk, 50 % kom frå heimar med kjend rus- eller valdsproblematikk og 60 % hadde ein forelder som hadde vore i fengsel.

Alle var kjende av barnevernet frå før og mange tiltak var forsøkte (Ytterhus, 2014;2017, Hobbesland, 2017). Ein ynskja derfor eit samarbeid mellom politiet og hjelpeinstansar i kommunen for å få tak i ungdomane. Som tidlegare nemnt er ungdomens eigen vilje og motivasjon viktig då dei er vaksne personar. Det positive var at 10 av dei 11 ungdomane sjølve ville ha hjelp. Men før U23-prosjektet kunne starte måtte kommune-advokaten bruke tid på å finne ein lovheimel som gjorde det mogleg for ulike hjelpeinstansar i kommunen å utveksle informasjon seg imellom og med politiet utan hinder av teieplikta. Dette vart i byrjinga eit hinder for å kunne setje til verks samarbeidsplanane (ibid.).

U23 fungerer på den måten at politiet sender ei uromelding om ein ungdom til kommunen, og deretter tek den aktuelle bydel kontakt med den enkelte og tilbyr si hjelp. Då er det opp til ungdomen om han/ho vil samtykke til hjelp (Hobbesland, 2017). Dersom ungdomen takkar ja skal vedkomande prioriterast i kommunen sitt hjelpeapparat, og målet er å kunne tilby same sakshandsamar i kommunen og kontaktperson i politiet heile vegen. Ved å samtykke gir ungdomen løyve til at instansane i samarbeidsgruppa kan utveksle relevant informasjon seg imellom om situasjonen til den enkelte. Ulike profesjonar og etatar kan utfylle kvarandre når det gjeld arbeidsområde, kunnskap og kompetanse. U23-prosjektet kan vise til gode resultat. Etter ei stund hadde ikkje politiet fleire valdsgjengarar å melde til kommunen. Det vart påpeika at prioritering av arbeidet på høgare nivå, samt engasjement og stabilitet i gruppa, var sentrale faktorar ved å lukkast. Samtidig er det viktig å understreke at suksessen til prosjektet var avhengig av at nesten alle ungdomane faktisk ville ha hjelpa (ibid.).

4.0. Diskusjon

I denne delen vil eg drøfte rundt problemstillinga: «*Korleis kan kriminalitetsførebygging med ungdomar (18-23 år) vere utfordrande, og korleis kan tverrprofesjonelt/tverretatleg samarbeid vere ein ressurs i arbeidet?*» Drøftinga tek først for seg utfordringar med aldersgruppa, og kvifor å setje fokus på desse ungdomane er viktig. Deretter vert det lagt fram korleis samarbeid på tvers av grenser kan vere ein viktig ressurs, men også korleis dette kan vere ei utfordring å gjennomføre. Til slutt kjem nokre kritiske perspektiv på risikofokus, tidleg innsats og førebygging retta mot dagens ungdom.

4.1. Ungdom som byr på (for store?) utfordringar

Ungdomar som hamnar i kriminelle miljø er ofte marginaliserte på fleire sentrale livsområde, som både artikkelen til France (2008) og tal frå U23-prosjektet viser. Negative aspekt ved omsorgssituasjon, fråfall frå utdanning, manglande kompetanse i arbeidsliv, og destruktive sosiale relasjonar kan vere nokre slike risikofaktorar som kan resultere i involvering i kriminelle miljø. Til tross for at statistikk og undersøkingar viser at ungdomar stadig vert meir ordentlege og seriøse (Bakken, 2016, Politidirektoratet, 2015), er det likevel nokre som ikkje kjenner seg igjen i dette biletet, og som står bak store delar av ungdomskriminaliteten i dag. Det kan vere tenkeleg at dei mogleg føler seg utanfor i «det normale samfunnet», og søker andre miljø der dei kan få erkjenning og aksept frå andre som er i same situasjon. Dette kan bli ein sirkel på godt og vondt, der dette miljøet kan innehalde mange både positive og negative faktorar for ungdomen. Dette kan gjere sirkelen vanskeleg å bryte.

Når ungdomane har fylt 18 år kjem det fram at det kriminalitetsførebyggande arbeidet vert endå meir komplekst (Ytterhus, 2017, Hobbesland, 2017). Sidan dei sjølve må samtykke til å ta imot hjelp, kan dette vere ei aldersgruppe det er meir utfordrande for hjelpeapparatet å kome i posisjon til. Ungdomane kan som tidlegare nemnt vere vanskelegare å få auge på, og får også generelt mindre merksemd i litteratur og forskning på området enn dei som er yngre. Dette er uheldig då overgangen frå «born til vaksen» kan bli brå på fleire måtar. Den medfører mellom anna endringar i lovverket både angående kva rettar ungdomane sjølve har, og kva moglegheiter hjelpeapparatet har til å gripe inn i ungdomens livssituasjon. Barnevernlova (1993) gjeld hovudsakleg for dei under 18 år, då dei vert rekna som born, sjølv om det finst nokre unntak der tiltak kan utvidast også etter denne alderen. Men også i desse tilfella må

ungdomen sjølv bestemme om han/ho ynskjer å ta imot hjelp. Mange av utfordringane handlar altså om at ungdomane kan vere i risiko for å felle gjennom sprekkene i hjelpeapparatet når dei vert myndige, då ein nærast er avhengig av at ungdomen sjølv ynskjer hjelpa og gjer seg tilgjengeleg for den.

Samtidig kan ein stille seg spørsmålet om kor lenge ein kan og bør halde fram med å forsøke dersom ein ikkje får ungdomen med på laget. Ytterhus (2017) sa at ein må vere varsam med å halde fast i dei eldre ungdomane for lenge, då ein kan miste fokuset på dei som er yngre. Ein må vite kva tid ein skal «gi slepp». Nokre gonger må ein akseptere at ein har gjort så mykje ein kan, og fokusere på dei som er yngre og som ein er i posisjon til å hjelpe. Dette kan også handle om fokuset på tidleg innsats. Ein vil heller prioritere å kome inn så tidleg som mogleg for å ha høve til å hindre den negative utviklinga på eit tidleg stadium, i staden for å prioritere for mykje ressursar på dei som allereie har vikla seg langt inn i problematikken. I tillegg er det i stor grad essensielt at ungdomen sjølv vil samarbeide. Utan denne faktoren er det vanskeleg å få til ei endring.

Sjølv om denne aldersgruppa kan vere vanskelegare for hjelpeapparatet å få auge på og kome i posisjon til å hjelpe, er det viktig å hugse på at det betyr ikkje nødvendigvis at ungdomane ikkje ynskjer hjelpa. U23-tiltaket viste at nesten alle av ungdomane ville ta imot tilbodet som kommunen la fram for dei (Ytterhus, 2017, Hobbessland, 2017). Ein kan derfor seie at ein må passe seg for å anta at ungdomane er «håplause» og at ein ikkje er i stand til å hjelpe dei, sjølv om det å kome i posisjon til dei kan vere meir utfordrande enn elles. Det kan mogleg vere lett å falle for freistinga om å gi hjelpa til dei «enklaste» ungdomane, der ein trur utfallet vert positivt. Mogleg er det å vise at ein ser dei eldre ungdomane, og at ein tilbyr hjelp når dei er klare for det, det som skal til. Sjølv om mykje av kriminalitetsførebyggande arbeid er fokusert på ungdomar under 18 år, med tanken om at dess tidlegare innsats, dess betre framtidsutsikter (Justis- og beredskaps-departementet, 2013), er det viktig også å setje fokus på dei eldre ungdomane. Det kan som tidlegare nemnt vere ulike faktorar som gjer dei meir utsette for å glempe i systemet sine hender. At ungdomar over 18 år er vanskelegare å kome i posisjon til og dermed i større risiko for å fastne i kriminalitet, bør mogleg heller vere eit argument på kvifor det er så viktig for hjelpeapparatet å fokusere på denne aldersgruppa.

I neste avsnitt vil eg drøfte nærare korleis samarbeid på tvers av profesjons- og etatsgrensene kan vere ein ressurs i kriminalitetsførebyggande arbeid med ungdomane. Men først vil eg

nemne korleis det kan vere utfordrande med ungdomar i denne alderen. Samarbeid er ikkje alltid svaret på alle utfordringar, sjølv om det ifølgje Ødegård (2016) nokre gonger kan bli framstilt slik. Når ungdomane vert 18 år er det som sagt nye utfordringar som spelar inn. Dette kan gjere det krevjande å gripe inn på eit tidleg tidspunkt og arbeide førebyggjande, til tross for at samarbeidet mellom instansar er på plass. Mange av ungdomane har ofte vore i problematikken over lengre tid, og systemet har mogleg gjort gjentekne forsøk på å hjelpe utan å lukkast (Ytterhus, 2017). Når ungdomane har blitt myndige personar vert det endå vanskelegare å kome i posisjon til å hjelpe. Ungdomen kan sjølv bestemme over eigen livssituasjon og egne behov, sjølv om det kan diskuteras om vedkomande alltid klarer å sjå sitt eige beste.

Det er essensielt å få til eit samarbeid også mellom ungdomen og hjelpeapparatet, ikkje berre innanfor hjelpeapparatet i seg sjølv. Det er ynskjeleg at mest mogleg skal skje i samarbeid med brukarar, men i denne samanhengen er samarbeidet, relasjonen og tilliten mellom ungdomen og hjelpeapparatet ekstra viktig. Det var til dømes avgjerande at nesten alle ungdomane samtykka til hjelp i oppstarten av U23 for at det kunne bli så vellukka (Ytterhus, 2017, Hobbesland (2017)). For å kunne gripe inn og få til endring må ungdomen ynskje det sjølv. Derfor kan det vere vanskeleg å få gjort ei endring og hjelpe ungdomen ut av eit kriminelt miljø, dersom vedkomande ikkje ynskjer det eller er klar for det, uansett kor godt samarbeidet mellom profesjonar og instansar kan vere.

4.2. Samarbeid på godt og vondt

Mykje tyder på at samarbeid absolutt kan vere ein sentral ressurs i eit kriminalitetsførebyggjande perspektiv. SLT-modellen (KRÅD, 2011) er eit generelt døme på korleis kommunar lokalt kan arbeide med å samordne kriminalitetsførebyggjande tiltak for barn og unge, på både selektivt og indikativt nivå. U23-prosjektet er eit døme på korleis Trondheim kommune brukar samarbeid på tvers av grensene til å bidra til å redusere ungdomskriminalitet og hindre vidare negativ utvikling hjå den enkelte ungdom. Prosjektet vart det ein kan kalle ei solskinshistorie, når det gjeld å lukkast med kriminalitetsførebygging gjennom tverrprofesjonelt og tverretatleg samarbeid. Det vart etter kvart ikkje mogleg for politiet å spore fleire valdsgjengarar i byen, og mange ungdomar kom seg ut av destruktive kriminelle miljø.

Viktige stikkord innanfor vellukka samarbeidsprosessar er at samarbeidet opplevast forpliktande, og at ein skapar felles innsats mot ei felles målsetjing (KRÅD, 2011, Justis- og beredskapsdepartementet, 2013, Ytterhus, 2017). Gjennom SLT-modellen vert ulike instansar innanfor ei kommune forplikta til å samhandle med kvarandre. Dette vert «overvaka» og helde styr på gjennom ein koordinator slik at ein ser til at samarbeidet faktisk vert sett ut i praksis (KRÅD, 2011). Det framhevast som viktig at samarbeidet vert prioritert på høgare nivå, slik at ein har høve til å bruke ressursar som tid, tilsette og økonomiske ressursar på arbeidet. At dei ulike partane ynskjer å delta i samarbeidet, og har engasjement for det ein arbeider med, meiner Willumsen (2015) er sentralt. Dette kan bidra til at ein oppnår positive resultat. Dersom partane føler framgang, kan det vere enklare å skape motivasjon og stabilitet i ei samarbeidsgruppe. Det kan mogleg også vidare vere ein medverkande faktor til å nå ynskjelege målsetjingar. Dermed kan ein skape ein positiv sirkel av påverknadsfaktorar.

Ifølgje Hobbesland (2017) er prioritering og engasjement nokre av grunnane til at U23-samarbeidet fungerer såpass godt. Samarbeidet vert prioritert frå toppen av, og dei ulike representantane i gruppa er dedikerte til det dei arbeider med. Dette gjer gruppa stabil og gir ungdommen eit fast nettverk å halde seg til. Kontinuerleg kommunikasjonsflyt og evaluering gjennom eit forpliktande samarbeid gir eit stabilt løp for ungdommen. Ressursane til dei ulike instansane kan til saman utgjere eit individuelt skreddarsydd hjelpetilbod. Ved at ulike profesjonar og instansar arbeider saman kan i tillegg hjelperekkevidda utvidast. Ein tilfører breiare kunnskap og kompetanse, og kan oppleve å ha nye moglegheiter tilgjengeleg som ein ikkje hadde tidlegare. Dette kan mogleg auke motivasjonen for vidare samarbeid.

Bjørge (2015) nemnte at det er lett å tenke at å hindre kriminalitet primært er politiet si oppgåve gjennom pågriping og straff, men at dette ikkje stemmer då det er ein problematikk som er vanskeleg for politiet å handtere åleine. Førebygging er ei generell samfunnsoppgåve, også innanfor arbeidet mot kriminalitet. For å kunne gi best mogleg hjelp til ungdomar i kriminelle miljø må fleire partar enn politiet involverast, ifølgje KRÅD (2011). Politiet har mange ressursar i form av etterretning, oppsøkjande arbeid, pågriping og eventuelt straff. Hjelpeapparatet har ressursar i form av tiltak og hjelpetilbod. Ved å kombinere ulik kunnskap og kompetanse kan ein utvide moglegheitene til å hjelpe, og ikkje minst heve nivået på hjelpa. Tverrprofesjonelt og tverretatleg samarbeid kan vere ein stor ressurs i dette arbeidet ved at ein mogleg får oppdaga ungdomane på eit tidlegare tidspunkt, og kan gi dei eit meir heilskapleg

og samanhengande hjelpebod som igjen kan ha ein førebyggjande effekt på vidare kriminalitet. Dersom samarbeid på tvers kan føre til at ein tidlegare oppdagar ungdomar i kriminelle løp, har ein vel allereie teke eit steg i rett retning i førebyggingsperspektivet. I tillegg kan samarbeid mellom ulike instansar føre til at ein unngår at problem fell gjennom «sprekkene» i hjelpeapparatet (Johansson, 2014). Dette kan vere ein viktig ressurs i å fange opp ungdomane i denne aldersgruppa som kan gleppe i overgangen frå born til vaksen. Ved å samarbeide om førebygging på ulike nivå i ein kommune, kan arbeidet bli meir samanhengande og målretta. Godt samarbeid mellom ulike offentlege etatar er, som politiske føringar viser, ei ideell målsetjing (Justis- og beredskapsdepartementet, 2013). Ein vil unngå fragmenterte tenester og at brukarar fell mellom to stolar.

Stortingsmelding nr. 47 (Helse- og omsorgsdepartementet, 2009) la fram behovet om meir koordinerte tenester der samhandlingsreforma skulle gjere samarbeid meir tydeleg og forpliktande. Likevel kan det, som Willumsen (2016) poengterer, vere vanskeleg å sjå dei store endringane i hjelpeapparatet. Til tross for gode intensjonar og målsetjingar, kan det vere utfordrande å utføre i praksis. Søndagsteoriane vert utfordra av kvardagsteoriane, ifølgje Ødegård (2009). Det kan ligge mange faktorar bak dette, men mangel på ulike ressursar er gjerne eit tilbakevendande tema (Ytterhus, 2017). Og ein kan også spørje seg om ein skal «presse» inn samarbeid for ein kvar pris. Eit endå større arbeids- og tidspress på tenesteytarane kan mogleg gjere at dei ikkje har høve til å gjere arbeidsoppgåvene sine på best mogleg vis. Å få med dei ulike nivåa, altså både politikarar, leiing og tenesteutøvarar, er som sagt viktig for at samarbeidet både skal kunne prioriterast og utførast. Å få til dette kan nok iblant vere vanskeleg «å selje inn» i ein elles hektisk arbeidskvardag (Glavin og Erdal, 2007).

Dei rammene ein må forholde seg til kan spele inn på moglegheitene for samarbeid. Eit knapt budsjett kan setje avgrensingar for kva ein må og kan prioritere ressursar på. Ulike retningslinjer og lovverk innanfor dei ulike instansane kan også skape hinder for samarbeid. Teieplikt og personvern kan gjere at utveksling av personopplysingar og annan sensitiv informasjon vert vanskeleg. Dette var til dømes eit hinder i oppstarten av U23. Derfor tok det lenger tid enn planlagt å få starta prosjektet. Dersom ein ikkje hadde funne heimel for informasjonsutvekslinga, hadde ikkje prosjektet kunne gjennomførast. Då hadde mogleg situasjonen av ungdomskriminaliteten i Trondheim kommune sett annleis ut i dag.

4.3. Reell grunn til uro?

Situasjonen i dag er at ungdomar vert stadig meir ordentlege, pliktoppfyllande og framtidsretta (Bakken, 2016). Fokuset på å leggje eit godt grunnlag for framtida er stort, og negativ statistikk går stadig nedover. Derfor kan ein sette spørsmålsteikn ved om ein fokuserer for mykje på risikofaktorar, tidleg innsats og førebygging. Det kan skape ein tendens til å uroe seg for mykje over ungdomane, og mogleg framkalle problem som eigentleg ikkje eksisterer. Dagens ungdom viser ikkje særlege tendensar av problemåtferd eller generelt opprørske åtferd, men mogleg bør dei gjere litt opprør på vegen mot å bli sjølvstendige individ. Som tidlegare påpeika av Frøyland og Sletten (2012), er ungdomsopprør ein naturleg del av å utvikle seg og sin identitet. Ein bør passe på å ikkje «undertrykke» normal utagering og testing av grenser, som er ein viktig del av ungdomar si utvikling. Henningsen (2009) si åtvaring mot å ha eit for stort «bekymringsblikk» mot ungdomar, spesielt mot «målgruppeungdomane», er også verdt å ha i bakhovudet. Ein må hugse at sjølv om ein ungdom er eksponert for risikofaktorar, gjer ikkje det nødvendigvis vedkomande kriminell (Lien, 2011). Mange kan vere opprørske og gjere mindre lovbrøt utan at det fører til ei vidare kriminell karriere. Ein ynskjer vel ikkje å verte «den preventive staten» (Ellis og France, 2012), der førebyggingsfokuset kan føre til at utsette ungdomar nærast føler på presset om å oppfylle samfunnets profeti.

Så, er det reell grunn til uro? Vel, ein skal på den eine sida vere glad for at problemutviklinga blant ungdomar på eit generelt grunnlag går nedover, men på den andre sida ser ein tendensen til at problema vert større blant dei få. Ei lita gruppe av ungdom står for store delar av kriminaliteten, som Politidirektoratet si analyse frå 2015 viser. Sjølv om ein skal vere varsam med å ha eit for stort risiko- og førebyggingsfokus, kjem det likevel fram i både litteratur og politiske dokument at det er viktig å ta tak i problematikken på eit tidleg stadium, for å hindre at kriminalitet blant ungdom utviklar seg vidare (France, 2008, Justis- og politidepartementet, 2009). Ungdomar i kriminelle miljø er som tidlegare nemnt ofte marginaliserte på fleire område. Dette kan vidare få konsekvensar for framtida. Å ha fokus på tidleg innsats og god førebygging blant barn og unge vert framheva som spesielt viktig, då grunnlaget for framtida vert lagt i ung alder (Justis- og beredskapsdepartementet, 2013). Mykje kan tyde på at tidleg innsats og godt førebyggande arbeid kan gi større sannsyn for ei positiv utvikling.

5.0. Konklusjon

Korleis kan kriminalitetsførebygging med ungdomar (18-23 år) vere utfordrande, og korleis kan tverrprofesjonelt/tverretatleg samarbeid vere ein ressurs i arbeidet? Før eg svarar på denne problemstillinga, vil eg først gjenta at ungdomskriminalitet ikkje er av eit omfattande omfang i Noregs samfunn i dag. Ungdomar vert stadig meir pliktoppfyllande og framtidsretta. Likevel er det ein tematikk som må bli teken på alvor. Ei lita gruppe ungdomar står for store delar av kriminaliteten som vert utført, og desse er ofte marginaliserte på viktige område som oppvekst, utdanning og sosiale miljø. For å hindre at dei fastnar i eit kriminelt løp er det viktig å gripe inn så tidleg som mogleg for å førebygge vidare kriminell åtferd og snu ei negativ utvikling i ei positiv retning. God førebygging og tidleg innsats er eit viktig politisk mål, men dette kan likevel vere vanskeleg då det ikkje alltid er like enkelt å oppdage problemutvikling på eit tidleg stadium. Ungdomar i alder frå 18-23 år har ofte vore i eit problematisk løp over lengre tid, og mogleg har mange forsøk på hjelp og tiltak vorte gjort. Det kriminalitetsførebyggande arbeidet vert i tillegg meir komplekst ved nådd myndig alder, då lovverket endrar seg. Dei må sjølv velje å samtykke til hjelp eller ei, og dette er avgjerande for i kva grad hjelpeapparatet kan involvere seg. Ungdomane mistar dei fleste rettar innanfor barnevernssystemet, og hjelpeapparatet generelt har få moglegheiter til å gripe inn utan ungdomens samtykke. Desse ungdomane kan derfor vere i risiko for å gleppe i overgangen der merkelappen endrar seg frå born til vaksen. Det er vanskelegare for hjelpeapparatet å fange dei opp og å kome i posisjon til å hjelpe dei.

For å handtere nokre av desse utfordringane kan tverrprofesjonelt og tverretatleg samarbeid vere ein ressurs. Samarbeid på tvers av grenser kan bidra til tidlegare inngripen i problem, vidare førebygging og eit meir samanhengande hjelpetilbod. Eit godt døme på dette er U23-prosjektet i Trondheim kommune, der ulike profesjonar og etatar samarbeider for å førebygge vidare kriminalitet blant denne aldersgruppa. Prosjektet kan vise til stor suksess. Ein kan også bruke SLT-modellen for å samordne kriminalitetsførebyggande tiltak på lokalt nivå i kommunane. Eit vellukka samarbeid er avhengig av fleire faktorar som mellom anna tilgjengelege ressursar, prioritering på høgt nivå og engasjement frå aktørane. Samtidig kan samarbeid vere utfordrande å få til i ein pressa arbeidskvardag, der mange faktorar og prioriteringar må vere på plass. Ein er også i stor grad avhengig av at ungdomane sjølve også ynskjer endring, og godt samarbeid innanfor hjelpeapparatet er derfor ikkje nok åleine.

5.1. Avsluttande tankar

Kriminalitetsførebygging blant ungdom er viktig arbeid. Mange ungdommar har behov for å bli sett og å få hjelp ut av ein vond sirkel. Dette behovet vert ikkje nødvendigvis mindre når dei fyller 18 år og mange tek for gitt at dei har blitt vaksne menneske. Mykje tyder på at arbeidet og utfordringane med aldersgruppa frå 18-23 år treng større fokus i forskning og litteratur. Avslutningsvis vil eg likevel oppmuntre til å vere varsam med balansegangen mellom normalt (og kanskje sunt?) ungdomsopprør, og ungdom som faktisk står i risiko for ei kriminell framtid. Det er uheldig dersom fokuset på risikoanalyse og preventive tiltak, som opphavleg er positivt, fører til at ein set ungdommar i bås og skapar problem som eigentleg ikkje eksisterer.

6.0. Litteraturliste

Bakken, A. (2016). Ungdata. Nasjonale resultater 2016, NOVA Rapport 8/16. Oslo: NOVA.

Tilgjengeleg frå: <http://www.hioa.no/Om-HiOA/Senter-for-velferds-og-arbeidslivsforskning/NOVA/Publikasjoner/Rapporter/2016/Ungdata-2016.-Nasjonale-resultater> (Henta: 17. mars 2017).

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet, Kommunal- og regionaldepartementet, Arbeidsdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet, Justis- og beredskapsdepartementet og Kunnskapsdepartementet. (2013). *Forebyggende innsats for barn og unge*. Rundskriv Q-16/2013. Oslo: Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet. Tilgjengeleg frå: https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/bld/rundskriv_q16_2013.pdf. (Henta: 29. mars 2017).

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet. (2015). *Trygghet, deltakelse og engasjement – regjeringens arbeid for barn og ungdom*. Oslo: Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet. Tilgjengeleg frå: <https://www.regjeringen.no/contentassets/2b16dd79c34f46e49aa580b48b955af8/samlet-plan-for-barn-og-unge.pdf>. (Henta: 30. mars 2017).

Bjørgero, T. (2015). *Forebygging av kriminalitet*. Oslo: Universitetsforlaget.

Dalland, O. (2012). *Metode- og oppgaveskriving*. (5. utg.). Oslo: Gyldendal Akademisk.

Det kriminalitetsforebyggende råd (KRÅD). (2011). *Forebygging av rus og kriminalitet. En praktisk håndbok om SLT*. Oslo: Det kriminalitetsforebyggende råd. (KRÅD vart nedlagt og erstatta av Kompetansesenter for kriminalitetsforebygging i 2015).

Ellis, K. & France, A. (2012). Being Judged, Being Assessed: Young People's Perspective of Assessment in Youth Justice and Education. *Children and Society*, 26, s. 112-123. [Online] <http://onlinelibrary.wiley.com/doi/10.1111/j.1099-0860.2010.00328.x/epdf> (Henta: 6. april 2017).

Ferrer-Wreder, L., Stattin, H., Cass Lorente, C., Tubman, J. G. & Adamson, L. (2005). *Framgångsrikta preventionsprogram för barn och unga. En forskningsöversikt*. Stockholm: Förlagshuset Gothia ved Institutet för utveckling av metoder i socialt arbete (IMS) og Statens institusjonsstyrelse (Sis).

France, A. (2008). Risk factor analysis and the youth question. *Journal of Youth Studies*, 11(1), s. 1-15. [Online] <http://www.tandfonline.com/doi/abs/10.1080/13676260701690410> (Henta: 8. april 2017).

Frøyland, L. R. & Sletten, M. A. (2012). Mindre problematferd for de fleste, større problemer for de få? En studie av tidstrender i problematferd: 1992, 2002 og 2010. *Tidsskrift for ungdomsforskning*, 12(2), s. 43-66. [Online] <https://journals.hioa.no/index.php/ungdomsforskning/article/view/1021/889> (Henta: 6. april 2017).

Glavin, K. og Erdal, B. (2007). *Tverrfaglig samarbeid i praksis – til beste for barn og unge i Kommune-Norge*. (2. utg.). Oslo: Kommuneforlaget.

Helse- og omsorgsdepartementet. (2009). *Samhandlingsreformen. Rett behandling – på rett sted – til rett tid*. St. meld. nr. 47 (2008-2009). Oslo: Helse- og omsorgsdepartementet.

Tilgjengeleg frå:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/d4f0e16ad32e4bbd8d8ab5c21445a5dc/no/pdfs/stm200820090047000dddpdfs.pdf>. (Henta: 4. april 2017).

Henningsen, E. (2009). Bekymringsblikket. *Tidsskrift for ungdomsforskning*, 9(2), s. 3-23. [Online] <https://journals.hioa.no/index.php/ungdomsforskning/article/view/1051/916> (Henta: 29. mars 2017).

Johansson, K. (2014). Crime prevention cooperation in Sweden: a regional case study. *Journal of Scandinavian Studies in Criminology and Crime Prevention*, 15(2), s. 143-158. [Online] <http://www.tandfonline.com/doi/abs/10.1080/14043858.2014.954830> (Henta: 08. april 2017).

Justis- og beredskapsdepartementet. (2013-2016). *Handlingsplan for forebygging av kriminalitet*. Oslo: Justis- og beredskapsdepartementet. Tilgjengeleg frå: https://www.regjeringen.no/contentassets/fda931710c8d4ce9a5dee626ad93d649/handlingsplan-kriminalitetsforebygging_2013.pdf. (Henta: 15. mars 2017).

Justis- og politidepartementet. (2009-2012). *Gode krefter. Kriminalitetsforebyggende handlingsplan. 35 tiltak for økt trygghet*. Oslo: Justis- og politidepartementet. Tilgjengeleg frå: <https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/jd/handlingsplan-kriminalitetsforebygging.pdf>. (Henta 19. april 2017).

Kompetansesenter Rus Nord-Norge (KoRus-Nord). (2017). *Tidlig intervensjon*. Tilgjengeleg frå: <http://www.forebygging.no/Ordbok/Q-A/Tidlig-intervensjon/>. (Henta: 30. mars 2017).

Kvello, Ø. (2015). *Barn i risiko. Skadelige omsorgssituasjoner*. (2. utg.). Oslo: Gyldendal Akademisk.

Lien, I. L. (2011). *I bakvendtland – kriminelle liv*. Oslo: Universitetsforlaget.

Lov om barneverntjenester av 17. juli 1992. Tilgjengeleg frå: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1992-07-17-100?q=barnevernloven>. (Henta: 11. april 2017).

Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester av 24. juni 2011. Tilgjengeleg frå: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-30?q=kommune%20helse>. (Henta: 1. mai 2017).

Nesvåg, S., Backer-Grøndahl, A., Duckert, F., Enger, Ø., Huseby, G. og Kraft, P. (2007). *Tidlig intervensjon på rusfeltet – en kunnskapsoppsummering*. Stavanger: International Research Institute of Stavanger (IRIS). Tilgjengeleg frå: http://evaluering.nb.no/eval-utlevering/innhold/URN:NBN:no-nb_overfordokument_7256_Eval_0/pdf (Henta: 31. mars 2017).

Politiet. (2010). *Ungdomskriminalitet*. Tilgjengeleg frå:

https://www.politi.no/rad_fra_politiet/barn_og_unge/ungdomskriminalitet/. (Henta: 27. mars 2017).

Politidirektoratet. (2015). *Analyse av barne- og ungdomskriminaliteten i Norge. Rapport basert på registrert kriminalitet fra 2010-2014*. Tilgjengeleg frå:

https://www.politi.no/vedlegg/rapport/Vedlegg_3085.pdf. (Henta: 30. mars 2017).

Statistisk sentralbyrå. (2017). *Anmeldte lovbrudd, 2015-2016*. Tilgjengeleg frå:

<https://www.ssb.no/sosiale-forhold-og-kriminalitet/statistikker/lovbrudda> (Henta: 5. april 2017).

Trondheim kommune. (2014). *Exit program for unge gjengangere*. Tilgjengeleg frå:

https://www.trondheim.kommune.no/multimedia/1115029747/U23_fldr2013-2.pdf (Henta: 1. mai 2017).

Ytterhus, E. (2014). *Konkret arbeidsmetodikk. 18-23 – prosjekt mot voldsgjengangere i Trondheim*. Tilgjengeleg frå:

<https://www.trondheim.kommune.no/content/1117742811/Konkret%20arbeidsmetodikk> (Henta: 1. mai 2017).

Willumsen, E. (2015). Tverrprofesjonelt samarbeid i sosialt arbeid, I Kleppe, L. C. (red.) *Sosialt arbeid – en grunnbok*. Oslo: Universitetsforlaget, s. 154-170.

Willumsen, E. (2016). Tverrprofesjonelt samarbeid i utdanning og praksis i helse- og velferdssektoren, I Ødegård, A. (red.) *Tverrprofesjonelt samarbeid – et samfunnsoppdrag*. (2. utg.). Oslo: Universitetsforlaget, s. 33-52.

Ødegård, A. (2009). Konstruksjoner av samarbeid, I Willumsen, E. (red.) *I praksis og utdanning*. Oslo: Universitetsforlaget, s. 52-66.

Ødegård, A. (2016). Konstruksjoner av tverrprofesjonelt samarbeid, I Ødegård, A. (red.) *Tverrprofesjonelt samarbeid – et samfunnsoppdrag*. (2. utg.). Oslo: Universitetsforlaget, s. 113-130.

Øia, T. og Fauske, H. (2010). *Oppvekst i Norge*. (2. utg.). Oslo: Abstrakt forlag.

Kjelder på personleg kommunikasjon gjennom samtalar

Hobbesland, R. (2017). Prosjektleder kognitive program ved Stavne Arbeid og Kompetanse KF. Samtale den 24. mars 2017.

Ytterhus, E. (2017). SLT-koordinator i Trondheim kommune. Samtale den 3. april 2017.